

Registrere tilboden læreplass

Steg for steg-guide



Har du skrive arbeidsavtale med ein lærling med bustadadresse i same fylke som lærebedrifta har adresse, og lurar på korleis du skal få registrert dette hos fylkeskommunen for å få oppretta lærekontrakten?

Ein lærekontrakt er eit skriftleg, juridisk dokument som fastset ramma for opplæringa. Alle lærlingar skal ha ein lærekontrakt i tillegg til ei arbeidsavtale. Lærekontrakten utløyser tilskotsforvaltinga og er grunnlag for at lærlingen kan søke støtte frå Statens lånekasse, og fastset lengda på læretida. Lærekontrakten skal signerast av både lærebedrifta, lærlingen sjølv og fylkeskommunen.

Det er fylkeskommunen som utferdar lærekontrakten på grunnlag av opplysningar registrert i VIGO bedrift. Denne guiden gjev deg informasjon om korleis du registrerer opplysningane i VIGO bedrift.

Målgruppe: HR, lærlingkoordinator og fagleg leiar.

Steg	Kva	Meny	Kommentar
1	Tilgang til fylkeskommunen sitt system: VIGO Bedrift	<p>For å kome inn i VIGO må du ha tilgang.</p> <p>Du kan sjekke om du har tilgang ved å følgje denne lenka: https://www.vigobedrift.no/vigobedrift/</p>	<p>Har du tilgang held du frem til steg 2.</p> <p>Dersom du ikkje har tilgang, må du søke om det. Dersom det er Oslo fylkeskommune du høyrer til, kan du søke om tilgang via følgjande skjema: https://skjema.oslo.kommune.no/id/5925</p> <p>Gjeld det ein annan fylkeskommune, tar du kontakt via eit av følgjande kontaktpunkt: https://utdanning.no/</p> <p>Når du får tilgang, fortsett du til steg 2.</p>
2	Logg inn i VIGO	<p>Lenke til VIGO: https://www.vigobedrift.no/vigobedrift/</p>	<p>Logg inn med BankID (eller MinID, Buypass, Commfides)</p>

Steg	Kva	Meny	Kommentar
3	Ha informasjonen klar	<ul style="list-style-type: none"> Namn på godkjend fagleg leiar Namn på lærling Lærefaget Starttid på arbeidsavtale 	Dersom fagleg leiar ikkje dukkar opp i rullgardinmenyen, kan det vere fordi vedkommande ikkje er godkjend fagleg leiar eller at søkaren er registrert på feil fag. Dobbeltsekk desse tinga og ta kontakt med OK stat dersom du ikkje finn ut av feilen.
4	Trykk på <i>videresendte søkarar</i> (sjå bilete >)		Om du ikkje får opp denne funksjonen, ta kontakt med OK stat på e-postadressa: okstat@dfno
5	Finn aktuell lærling	<p>Finn lærlingen de skal inngå lærekontrakt med og klikk «endre»</p> <p>Endre status:</p>  <p>Lagre etter at du har fylt inn status, fagleg leiar og oppstartsdato.</p>	<p>Om du ikkje finn lærlingen, kan lærlingen ha bustadadresse i eit anna fylke, eller ikkje vere registrert som søkar av læreplass gjennom VIGO. Da tar du kontakt med fylkeskommunen.</p> <p>https://utdanning.no/tema/yrkesfag_videregaende_opp-laering/fylkeskommunes_avdelinger_fag_og_yrkesopplaering</p> <p>Ønskt oppstartsdato skal samsvare med arbeidsavtalen.</p>
6	Behandling av lærekontrakt	Kontrakten blir sett under behandling	<p>Gje beskjed til OK stat, slik at vi kan fullføre kontraktopprettinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Namn - Lærefag - Oppstartstidspunkt

Steg	Kva	Meny	Kommentar
7	Digital signering av lærekontrakt	https://signering.posten.no/	<p>Når standpunkt karakter er klar (juni/juli) og kontrakten er ferdig behandla, sender fylket lenke til digital signering av lærekontrakt.</p> <p>Signatar frå bedrifta mottar varsel om signering via e-post (de har valt person for dette) og lærling via SMS. Informer lærlingen om at hen vil motta kontrakt til digital signering.</p> <p>Hugs å kontrollere datoane i lærekontrakten opp mot arbeidskontrakten. Ved differansar, kontakt OK stat.</p>
8	Aktiv lærekontrakt	<p>Når lærebedrifta og lærlingen har signert lærekontrakten og fylket har godkjent han, blir det oppretta ei aktiv lærekontrakt.</p>	<p>Signert lærekontrakt blir tilgjengeleg for lærlingen via Vigo-appen.</p> <p>Verksemda kan ha tilgang via VIGO (aktive kontraktar), men dette kan variere mellom fylke.</p> <p>Vi rår til at de ber lærlingen ta med ein kopi til HR første arbeidsdag, slik at den kan lagrast i personalmappa.</p>